



Arkivnr: 2014/2-1  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		09.01.2014

## Budsjettildeling og dimensjonering av fagskuletilbodet

### Samandrag

Hordaland fagskulestyre har bede om ei sak om finansieringa av Fagskolane i Hordaland av di det vart uttrykt uro for tildelinga av budsjett for komande skuleår. Fagskulane får tildelt tilskot etter prinsippa om stykkpris per student. Ramma for fagskulane har halde seg stabil i fleire år, men studenttala for fagskulane har auka. For å unngå at nokon av fagskulane vert økonomisk utarma ser administrasjonen ved Opplæringsavdelinga føre seg to alternativ. Alternativ 1 er å oppretta færre tilbod for å sikre ein lågare vekst i studenttala, og alternativ 2 er å gje ulikt tilskot etter fagområde, grunnfinansiering per klasse og ta omsyn til stordriftsfordelar.

### Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre ber administrasjonen ved Opplæringsavdelinga om å vidare utgreie Alternativ 2 – ulik sats etter fagområde, grunnfinansiering og stordriftsfordelar. Hordaland fagskulestyre ber om å ei sak seinast til styremøtet i mai 2014.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør for opplæring  
e.f.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.01.2014

Hordaland fagskulestyre har bede om ei sak om finansieringa av Fagskulane i Hordaland av di det vart uttrykt uro for tildelinga av budsjett for komande skuleår. Fagskulane får tildelt tilskot etter prinsippa om stykkpris per student. Ramma for fagskulane har halde seg stabil i fleire år, men studenttala for fagskulane har auka. Dette gjer at studentsatsen vert lågare kvart år, og dei fagskulane som har stabile tal på studentar får mindre ramme, medan fagskulane som har vekt i studenttala får større ramme. Fylkeskommunane får statlege rammeoverføringar på bakgrunn av studenttala i 2009. Fylkeskommunen har dei tre siste åra kompensert for pris- og lønnsvekst, men dette er ikkje nok til å dekkja inn veksten i talet på fagskulestudentar.

Tabell 1. Studenttal haust 2011 til og med haust 2013

Fagskule	2011	2012	2013
	Haust	Haust	Haust
	Studentar	Studentar	Studentar
Austevoll maritime fagskule	50	46	37
Bergen maritime fagskole	278	282	285
Bergen tekniske fagskole	486	600*	690*
Fusa fagskule	0	9	8
Hjeltnes fagskule	9	14	0
Voss tekniske fagskule	21	41	0
<b>Sum</b>	<b>844</b>	<b>992</b>	<b>1020</b>

\*Tala er justert for tilboda på Stord av di desse vert finansiert utanfor den ordinære ramma.

Tabell 1 syner talet på studentar frå hausten 2011 til hausten 2013 innan tekniske og maritime fag. Tabellen viser at det er Bergen tekniske fagskole som har hatt stor auke. Frå 2011 til 2013 har skulen auka med 204 studentar. Når ein ser på auken fordelt på deltid og heiltid, er det som tabell 2 syner, størst auke ved nettilboda. Det er ikkje starta opp nye tilbod ved Bergen tekniske fagskole dei siste åra, og auken i studenttala er difor berre ein auke innanfor kvar klasse. I seg sjølv er dette svært bra, av di skulen får fylt opp klassane sine, dei har god gjennomføring, og dei leverer naudsynt kompetanse til regionen. Likevel har Fagskulane i Hordaland no kome i den situasjonen at det ikkje er rom for å auke studenttala ytterlegare, og det kan verte naudsynt å justera ned det totale tilbodet.

Tabell 2. Studenttal haust 2011 til haust 2013 fordelt på deltid og heiltid.

Fagskule	2011		2012		2013	
	Haust		Haust		Haust	
	Deltid	Heiltid	Deltid	Heiltid	Deltid	Heiltid
Austevoll maritime fagskule	0	50	8	38	0	37
Bergen maritime fagskole	0	278	0	282	0	285
Bergen tekniske fagskole	287	199	401	199*	407	283*
Fusa fagskule	0	0	0	9	8	0
Hjeltnes fagskule	9	0	14	0	0	0
Voss tekniske fagskule	0	21	0	41	0	0
<b>Sum</b>	<b>296</b>	<b>548</b>	<b>423</b>	<b>569</b>	<b>415</b>	<b>605</b>

\*Tala er justert for tilboda på Stord av di desse vert finansiert utanfor den ordinære ramma.

For å sikre at ein eller fleire av fagskulane ikkje vert utarma økonomisk grunna ei totalt sett positiv studenttalsutvikling, ser ein føre seg to alternativ som kan gje betre økonomisk balanse det komande året.

#### Alternativ 1 – oppretta færre tilbod

Eitt alternativ er å oppretta færre tilbod for å justera ned studenttalet og oppretthalde ein høg nok studentsats. Fagskulestyret kan då velje mellom å leggje ned tilbod ved skulane som har mange tilbod, eller ved studiestader som har få tilbod og små klassar.

Dei skulane som har mange tilbod fyller opp klassane, og det er stor etterspurnad frå næringslivet etter denne kompetansen. Etterspurnaden er også så stor innan enkelte fagområde at det kan vere rom for fleire klassar i høve til næringslivet sine behov. Dette gjeld særleg innan boring, maskinist og elkraft. Innan fleire av utdanningsretningane er det doble klassar, til dømes ved boring, maskinteknikk og elkraft med fleire. Dei sistnemnde er doble i den forstand at dei går både på heiltid og på deltid over tre år.

Dei studiestadene som har få tilbod har også små klassar. Studentane ved dei små studiestadene er også ettertrakta i næringslivet, og det er viktig å vere til stades i distrikta med fagskuleutdanning. Dette er både grunna distriktpolitiske omsyn, og for å imøtekome kompetansebehovet i heile regionen.

For å oppnå ein studentsats på om lag 80 000,- per student, bør ein ikkje ha eit større studenttal ved fagskulane enn 940 studentar, og det er dette som er lagt inn i tilbodsstrukturen for skuleåret 2014/15. Til no har det vore praksis at den einskile fagskule kan ta inn fleire enn det studenttalet som har vore sett i tilbodsstrukturen for å fylla opp klassane og motverke for stort fråfall, og det er dette som gjer at studenttalet har vakse seg for stort for ramma.

For at budsjettet skal verte meir balansert vil ein måtte leggje ned to til fire klassar, avhengig av forventa storleik på desse.

#### Alternativ 2 – ulik sats etter fagområde, grunnfinansiering og stordriftsfordelar

Eit anna alternativ er å utarbeide ulike satsar i høve til dei ulike fagområda. Til dømes er dei maritime tilboda svært kostnadskrevjande med høge krav til simulatorar og vedlikehald av simulatorar. Fylkeskommunen har gjeve tilskot til innkjøp av simulatorutstyr både ved Bergen maritime og Austevoll, men det er likevel naudsynt for desse fagskulane å leggje seg opp eit fond til framtidige investeringar, noko som er vanskeleg med dagens økonomiske situasjon.

I tillegg til ulik finansiering av fagområda kan ein gje eit tilskot til kvar einskild klasse i botn og ein ekstra stykkpris per student over eit visst tal studentar og opp til eit visst tal studentar. Til dømes kan fagskulane få ekstra tilskot i klassar der det er meir enn 20 studentar, men ikkje for meir enn 30 studentar. Soleis vert det ein sats i botn for kvar klasse avhengig av fagområde, og ekstra tilskot for klassar med meir enn 20 studentar etter ulike studentsatsar.

Av di nokon tilbod har små klassar, slik som arborist som ikkje har plass til fleire enn 14 studentar, må ein vurderer å auke finansieringa i botn. Ved studiestaden Voss har fagskulestyret gjort eit grep for å forsøka å få større klassar, og det kan verte mogleg å gje same finansiering her som ved dei andre tilboda. Samtidig ligg no Voss og Hjeltnes under Bergen tekniske fagskole, og det er naturleg å tenkje at fagskulen har stordriftsfordelar, som gjer at små klassar kan verte drifta av store klassar, og at dei små tilboda likevel kan få tilskot som dei andre tilboda uavhengig av storleik.

Det kan også vere mogleg å gje eit lågare tilskot til nettklassane dersom det er slik at desse er rimelegare å drifta. Nett-tilbod har ein del samlingar av di dei er nettstøtta og ikkje nettbasert, og det er difor ikkje sikkert at dette er mogleg.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at alternativ 2 vert utgreidd vidare saman med fagskulane for å kome fram til ein fornuftig tildelingsmodell i høve til dei ulike fagområda.

**Framtidig finansiering av fagskulane**

Sjølv om fagskulestyret gjer endringar i måten å tildela tilskota på for budsjettåret 2014, veit ein ikkje korleis finansieringa vil verte i 2015. Den nye regjeringsplattformen seier at finansieringa av fagskulane skal førast tilbake til staten. Det er per dags dato ikkje heilt klart kva dette vil føre til for fagskulane og fylkeskommunen. Det har vore gjeve signal om at staten vil oppretthalde ei stykkprisfinansiering, samtidig som det har vore peikt på at det er for mange små fagskulemiljø nasjonalt sett. Av dette kan ein forstå at små fagskular ikkje vil kunna klare seg økonomisk av di klassane krev ein viss storleik for å verte oppretthaldne. Soleis er det gjort eit viktig grep med sentraliseringa av Fagskolane i Hordaland til større miljø og einingar, og ein ser ikkje for seg at Fagskolane i Hordaland vert utarma av ei stykkprisfinansiering så lenge satsane er gode og vert gjevne etter kor mange studentar fagskulane har.